

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Lin Tove Thomassen	FE-033	22/295

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
041/2022	Kommunestyret	PS	03.11.2022

## Orienteringssaker

### Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
041/2022.1	Vestlandsrevisjon IKS - Oppdatering av eigar- og ansvarsdel i selskapsavtale etter utmelding
041/2022.2	Endringar i valforskrifta mv.
041/2022.3	Møteutskrift sak 51/22 - tal varamedlemmer i kontrollutvalet

### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

## Kommunestyret - 041/2022

### KS - behandling:

- Ordførar la fram forslag om å nytte deler av dei første møta i kommunestyret i 2023 til temamøte, med fokus på:
  - Barnevern og barnevernsreforma
  - Klima og miljø.
- Ordførar orientert om synfaring med Vestland fylkeskommune om sikring og utbetringar knytt til fylkesvegen.
- Orientering om løysing for kommune-TV v/ Fredrik Lie-Helgesen frå Aventia.

Den tekniske løysinga og moglegheitene vart gjennomgått, og kommunestyret fekk svar på praktiske spørsmål knytt til dette.

- Orientering v/ Stein Erik Stinessen og Chirsti Erichsen Hurlen frå sekretariatet LVK om:
  - Inntektssystemutvalgets forslag, NOU 2022:10 om utjevning av kraftinntekter (høyringsfrist 22. desember).
  - Regjeringa sitt skatteforslag lagt fram 28.september.I regjeringa sitt skatteforslag, er det foreslått å trekke inn om lag 3 milliarder kr i rammetilskotet frå vertskommunar av vannkraft grunna høge inntekter som desse kommunane har potensiale for å hente ut på sal av konsesjonskraft i 2023. Rådmann og kommunestyret stilte spørsmål om korleis dette vil få innverknad på Modalen kommune og den avtalen kommunen har i noverande kommunestyreperiode med Modalen kraftlag. Stinessen kunne ikkje garantere at kommunen sin avtale med Modalen kraftlag er tilstrekkeleg juridisk bindane til å unngå trekk i rammetilskotet. Kommunestyret ønskjer å delta på fellesmøte for kommunar knytt til LVK for å halde seg oppdatert om moglege endringar.
- Rådmann orienterte kort om:
  - Flyktningar som kjem i desember
  - Rekruttering av ny konsulent for kultur og fritid.

Samrøystes vedteke

#### **KS - vedtak:**

Sakene vert tekne til orientering